Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2 — Fylke: Austfold

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Trögstad

Emne: Höykransport — Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Molaug — Gard: Jörentvedt

(adresse): Norsk Folkemuseum — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Hans Jörgensvedt. bonde, född 1870

SVAR

Langt tilbake hadde dei "sulbe-sledar". Slike hadde dei på Nordane Jörentvedt. Hadde hjul bak og framme var der "meiar" i staden for forstilling. Så var det "Skoklar" på, slike dei brukar når dei plöyer og harvar. Dei brukte 2 hestar og derfor hadde dei "beiteskoklar"

Her på traktene kring Jörentvedt var der ikkje utmark dei kunne slå i. "Raskarslått" var bare det som stod tett med gardar og i kröir.

2 Husmennene bar höy. Var höyet smått bar dei det i eit stort klede. På Åserud bar dei i eit laken. Tok ~~spissane~~ ihop og tok tak i "snagla" og slengte det på ryggen. Gjorde det i Måsan også. Var höyet skikkeleg, bar dei i tau. Tauet låg dubbelt og putta endane i bukta og klemte til. Bar det med tauet over skuldra.

1051

20

Bar både korn og høy slik. Den som "raka" skudde og lette i bak.
(— Når du "braut lau" batt du "kjervane" saman med vidjer.
"Bennelen" til laukjervane var laga av 2 kløfta greiner som var sette inni kvarandre.

Tok du 4 endane og snurra du ihop som bennelen på kornet.)
Veit ikkje andre måtar å bære høy på ryggen på.
Mannfolka "slo" og kvindfolka "raka" og "breidde".
Ikkje snorsekk eller løypestreng.
Det slumpa at folk kjørde høy i trillebører, men det var mest ikkje trillebører i gamle dagar.
Har sett du har bære "tørv" på "bårer" men ikkje høy.

4. Her på garden bruka du vanleg "høyslae" med "forstilling" slik som nå. (4 hjul). Forstillinga har ein forstillingspigg av jern som "høyslaen" er bydd nedpå. Var noko mindre før. Nå er den 4 meter, før bare snaut 3 meter.
Bredda er omlag lik nå som før, for det er "hjulgangen" som avgjer det. Men "grinnane" var mykje høgare før enn nå. Var omlag 1 meter høge før, nå bare det halve


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Men "Kvervane" er mykje högare nå enn fór. Då var "Kvervane" like höge som grinnane. Kvervane er framenden og bakenden

I gamle dagar brukka dei bare "lesseriver" til å lyfte höyet oppi ~~grinda~~. höyslaen. Hadde ikkje gaffel. Lesserivene hadde större hoavud enn dei vanlege rivene.

Det var ein oppi lasset og trödde ned. Smågutlar trödde höyet ned. Gjenterog.

"Lessestonga" la dei oppå lasset.

Framenden på "Kvervn" var ein böygle av jern. På bakre Kvervn var ei jernlenkke. Dei kalla det å "tenge"

1051
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING